

planID 1263-201804

arkivID 20/1999

Ordfører



ALVER
KOMMUNE

Reguleringsplan

Detaljregulering
E39 Vikane - Eikangervåg

Reguleringsføresegner
(jf. plan- og bygningslova § 12-7)

Datert 19.03.2019 (sist revidert 21.05.2021)

Utval	Sak	Dato	Vedtaksstype	ArkivID

REGULERINGSFØRESEGNER FOR PLAN 1263-201804 E39 Vikane – Eikangervåg, gnr. 214, bnr. 201 m. fl. Jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 12-7

Nasjonal arealplan-ID: 1263-201804 Datert: 19.03.2019 Revisjonsdato:

Kommunestyrets vedtak:

§ 1 Siktemål med planen

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å regulere ny gang- og sykkelveg på strekninga langs E39 frå Vikane til Eikangervåg. Reguleringsplanen legg vidare opp til generell utbetring av trafikktryggleik i området gjennom å sikre areal til forsterka midtoppmerking på E39 og utbetring av kryss og avkøyrslar langs strekninga.

§ 2 Planens grenser og reguleringsføremål

Planens avgrensing er synt i plankartet. Arealet i planområdet er regulert til følgjande reguleringsføremål:

2.1 Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr. 1)

- Bustader, frittliggjande småhus (B og BFS)
- Bensinstasjon/vegserviceanlegg (BV)
- Energianlegg (BE)
- Angitt byggje- og anleggsføremål kombinert med andre angitte hovudføremål (BAA)

2.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr. 2)

- Veg (SV)
- Køyreveg (SKV)
- Gang-/sykkelveg (SGS)
- Gangveg/gangareal (SGG)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)
- Annan veggrunn – grøntareal (SVG)
- Kollektivhaldeplass (SKH)
- Kollektivanlegg (SKA)
- Parkeringsplassar (SPP)

2.3 Grønnstruktur (pbl 12-5 nr. 3)

- Friområde (GF)

2.4 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (pbl 12-5 nr. 5)

- LNFR areal for naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L)

2.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr. 6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)

2.6 Omsynssoner (pbl § 12-6)

- Frisikt (H140)
- Støysoner (H210 og H220)
- Høgspenningsanlegg inkl. høgspenkablar (H370) **

2.7 Føresegnområde (pbl § 12-7)

- Mellombels anlegg- og riggområde (#1)
- Fjerning av kulturminne (#2)
- Bekkekulvert (#3)
- Område for framtidig gang- og sykkelvegtilknytning til skule (#4)

§ 3 Fellesføresegner (pbl 12-7)

3.1 Mindre avvik innanfor område

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor område *Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5, nr. 2)*, vil kunne skje som følgje av uventa tilhøve, som t.d. grunntilhøva eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegføremål vil fråvika noko frå det som kjem fram av føremåls grensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål er føresetta brukt som tilstøytane føremål.

3.2 Støy

Miljøverndepartementet sine retningslinjer for vegtrafikkstøy ved planlegging etter plan-og bygningslova jf. rundskriv T-1442, skal leggjast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. For bustad-eigedomar som får høgare støynivå enn planleggingsmåla, høvesvis 55 og 30 dBA (utandørs / innandørs) skal det vurderast og ev. iverksetjast skjerming ved vegen, lokal skjerming av uteplass på eigedomen og / eller fasadetiltak. Det endelege omfanget av støytiltak vert vurdert og fastlagt av utbyggar i byggeplanfasen, i samsvar med gjeldande retningslinjer.

3.3 Kulturminne

3.3.1 Om ein under anleggsarbeidet skulle avdekke ukjende kulturminne, skal arbeidet stoppast med ein gong, og rette mynde kontaktast, jamfør undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 8.2.

3.3.2 I anleggsperioden skal det takast omsyn til nyare tids kulturminne, definert som KM 12 og KM 13, i rapport for kulturarv datert 22.01.2019 utarbeidd i samband med plan 1263-201804.

3.4 Landskap og tilpassing til terreng

Terrenginngrep i samband med veganlegget skal skje mest mogleg skånsamt. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg utstrekning. Der det vert inngrep, må det leggjast vekt på god

estetisk utforming og tilpassing til området sin karakter. Om det er naudsynt å setja opp nye murar bør desse først opp i naturstein.

3.5 Angitt anlegg- og riggføremål kombinert med andre angitte hovudføremål

Der anlegg- og riggområde overlappar føremål i eksisterande reguleringsplanar, gjeld framleis underliggende reguleringsplan med føresegnar. På ikkje regulert areal skal kommuneplanens arealdel med føresegnar leggjast til grunn. Når anleggsperioden er over skal arealføremål i underliggende plan gjelde.

3.6 Rekkfølgekrav

3.6.1 Utviding av bekkekulvert

Bekkekulvert frå Tjørna under E39 skal utbetrast for å sikre fiskens frie vandring, jf. føresegn-område #3. I samband med utviding av bekkekulvert skal konsekvensar ved større vassmengder for område nedstraums utgreiast og naudsynte avbøtande tiltak, som til dømes opparbeiding av bekkefarete, skal vere ein del av tiltaket.

3.6.2 Miljøundersøkingar

Ved nye tiltak i rimeleg nærleik av eksisterande bensinstasjonsområde, BV, skal det gjennomførast miljøundersøkingar for å avdekke potensielle forureina massar. Forureina massar skal leverast til godkjent deponi.

3.6.3 Massehandtering

Før igangsetting av arbeid skal det liggje føre ein plan for massehandtering. Jord frå jordbruksareal skal sikrast vidare bruk. Avfall og ureina massar skal transporterast til godkjend mottak.

Der det kan vere risiko for forekomst av framande plante-artar, skal tiltak for å sikre at ein unngår spreiding av desse, setjast i verk.

3.6.4 Krav om tiltak før fjerning av kulturminne

Innanfor føresegnområde #2 ligg det registrerte fornminnet Askeladden lok. 25953. Kulturminnet kan fjernast etter at krava til arkeologisk utgraving gitt i avsnitt 9.2 i desse føresegnene er stetta.

3.7 Eigarform

Planen tek stilling til følgjande eigartilhøve:

3.7.1 Offentleg areal:

Energianlegg (o_BE):

- o_BE er offentlig areal til kommunaltekniske anlegg (nettstasjon osv.).

Veg (o_SV4, 9):

- o_SV4 og o_SV9 er Fyllingsnesvegen, kommunal veg.

Køyreveg (o_SKV1-2):

- o_SKV1 er europaveg E39.
- o_SKV2 er avkøyrsløp til framtidig utbyggingsområde.

Gang- og sykkelveg (o_SGS01-17):

- o_SGS er offentlig gang- og sykkelveg.

Annan veggrunn – teknisk anlegg (o_SVT1-8):

- o_SVT er offentlig areal til vegtekniske anlegg.

Annan veggrunn – grønt (o_SVG01-03, 06-07, 09-10, 13-18, 21-23, 26-28):

- o_SVG er annan veggrunn grønt.

Kollektivhaldeplass (o_SKH1-2):

- o_SKH er offentlig kollektivhaldeplass.

Friområde (o_GF):

- o_GF er offentlig friområde.

3.7.2 Felles areal:

Feltmannn	Felles for eigedomar: gnr./bnr.
Veg, f_SV1	214/1, 214/3, 214/28, 214/85, 214/91, 214/92, 214/93, 214/100, 214/101, 214/103, 214/125
Veg, f_SV2	214/1, 214/3, 214/85, 214/101, 214/125
Veg, f_SV5	214/6, 214/122, 214/203
Veg, f_SV6	214/4, 214/7, 214/119, 214/126, 214/138, 214/142, 214/147, 214/148, 214/149, 214/199
Veg, f_SV7	214/8, 214/16, 214/19, 214/20, 214/225, 214/145, 214/152
Parkeringsplass, f_SPP1	214/102, 214/131, 214/132
Parkeringsplass, f_SPP3	214/85, 214/101
f_SVG04	214/1, 214/3, 214/28, 214/85, 214/91, 214/92, 214/93, 214/100, 214/101, 214/103, 214/125
f_SVG05	214/102, 214/131, 214/132
f_SVG08	214/1, 214/3, 214/85, 214/101, 214/125
f_SVG11-12	214/6, 214/122, 214/203
f_SVG19-20	214/4, 214/7, 214/119, 214/126, 214/138, 214/142, 214/147, 214/148, 214/149, 214/199
f_SVG23-24	214/8, 214/16, 214/19, 214/20, 214/225, 214/145, 214/152

3.8 Universell utforming

Prinsippet om universell utforming skal så langt som mogleg leggast til grunn for val av løysingar for gåande og syklende. Kollektivhaldeplassar skal utformast i samsvar med prinsipp for universell utforming, gjeve i Statens vegvesen si handbok V129.

3.9 Plan for Ytre Miljø (pbl. §12-7 nr. 4)

I samband med utarbeiding av byggeplan, skal det utarbeidast plan for ytre miljø (YM-plan) i tråd med gjeldande retningsliner.

3.10 VA-rammeplan (pbl. §12-7 nr. 4)

VA-rammeplan skal leggjast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen.

§ 4 Bygningar og anlegg (pbl 12-5 nr. 1)

4.1 Bustader - frittliggjande småhus, BFS

BFS er eksisterande busetnad. Byggehøgde og utnyttingsgrad kjem fram av plankart. Det er ikkje tillate å etablere fleire bustadeiningar innanfor føremålet.

4.2 Bensinstasjon, BV

BV er eksisterande bensinstasjon/verkstad. Byggehøgde og utnyttingsgrad kjem fram av plankart.

4.3 Energianlegg, BE

Arealet er sett av til eksisterande transformator/nettstasjon.

4.4 Angitt bygge- og anleggsføremål kombinert med andre hovudføremål, BAA

Arealføremål	Gjeldande plan/dagens bruk
BAA1	Bustader frittliggjande / Bustader konsentrert / køyreveg / gang- /sykkelveg / parkeringsplassar / friområde
BAA2	Bustader / fritidsbustader
BAA3	Forretning / friområde Reguleringsplan Fyllingsnes Gnr. 214 bnr. 4, 5, 7 m.fl. Plan-ID 1263-200807

§ 5 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl 12-5 nr. 2)

5.1 Veg, SV

- f_SV1 er tilkomstveg til eigedomar gnr./bnr. 214/1, 214/3, 214/28, 214/85, 214/91, 214/92, 214/93, 214/100, 214/101, 214/103, 214/125.

- f_SV2 er tilkomstveg til eigedomar gnr./bnr. 214/1, 214/3, 214/85, 214/101, 214/125.
- SV3 er tilkomstveg til eigedom gnr./bnr. 214/1.
- o_SV4 er kommunal veg, Fyllingsnesvegen.
- f_SV5 er tilkomstveg til eigedomar gnr./bnr.214/6, 214/122, 214/203.
- f_SV6 er tilkomstveg til eigedomar gnr./bnr. 214/4, 214/7, 214/119, 214/126, 214/138, 214/142, 214/147, 214/148, 214/149, 214/199.
- f_SV7 er tilkomstveg til eigedomar gnr./bnr. 214/8, 214/16, 214/19, 214/20, 214/225, 214/145, 214/152.
- SV8 er tilkomstveg til eigedom gnr./bnr. 214/46.
- o_SV9 er kommunal veg, Fyllingsnesvegen.

5.2 Køyreveg, SKV

- o_SKV1 er europaveg, E39.
- o_SKV2 er kommunal veg.

Innanfor føremålet er det tillate å etablere rekkverk, dråpeøy, skilt, vegrabattar og anna naudsynt teknisk utstyr.

5.3 Gang- og sykkelveg, SGS

5.3.1 Fellesføresegn:

o_SGS skal opparbeidast med fast dekke og skal vere gjennomgåande. Ved avkøyrslar skal det vere nedsenka kantstein slik at den ikkje vert til hinder for syklende.

Køyrbare gang- og sykkelvegar skal ha breidde 4,0 meter.

5.3.2 o_SGS01

Innanfor o_SGS01 er køyring til f_SPP1 tillate. Innanfor o_SGS01 er også køyring til eigedomen 214/3 tillate.

5.3.3 o_SGS04

Innanfor o_SGS04 er køyring til SV3, og landbruksvegar markert med avkøyrslapil, tillate.

5.3.4 o_SGS12

Innanfor o_SGS12 er køyring til SV8 tillate.

5.4 Gangveg/gangareal, SGG

o_SGG er gangveg mellom eksisterande næringsområde og G/S-veg.

5.5 Annan veggrunn – tekniske anlegg, SVT

Innanfor områda SVT er det tillate å etablere rekkverk, dråpeøy og tekniske anlegg i tilknytning til veganlegg.

5.6 Annan veggrunn – grønt, SVG

5.6.1 Fellesføresegn:

Innanfor områda o_SVG er det tillate å etablere naudsynte skjeringar, fyllingar, murar, rekkverk og andre naudsynte tekniske installasjonar. Areala skal dekkast med jord og såast til. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på. Skråningane skal utformast med god tilpassing til sideterrenget. Der det er behov for høge skjeringar skal desse sikrast med sikringsgjerde på skjeringstopp.

Opparbeiding av anna veggrunn grønt skal vere ferdigstilt seinast eitt år etter vegopning.

Innanfor områda o_SVG er det tillate å etablere naudsynt støyskjerming.

Føremålet kan nyttast til mellombels anleggs- og riggområde, og mellombels masselagring.

5.6.2 o_SVG02

I skjering mot eidedomen Osterfjordvegen 1140 (214/132) i område o_SVG02 må det gjerast nærare geologisk kartlegging/undersøking av skjeringa i samband med byggeplanlegging, jf. Geologisk rapport, avsnitt 6.6. Naudsynte sikringstiltak for å hindre utgliding her, må innarbeidast i byggeplan.

5.6.3 o_SVG10 og o_SVG16

I områda o_SVG10 og o_SVG16 vert det planert og gruslagt ei 1,0 meter brei flate på utsida av vegrekkverket. Denne flata kan nyttast av skuleborn og andre fotgjengarar frå Fyllingsnesvegen og mot gangvegssystemet ved undergangen, dersom dei ikkje ynskjer å kryssa E39 ved kryss til Fyllingsnesvegen.

5.6.4 o_SVG14 og o_SVG16

Innanfor o_SVG14 og o_SVG16 kan det førast opp skilting, leskur, benkar, og anna ventearial i tilknytning til kollektivhaldeplass o_SKH.

5.6.5 o_SVG22

Innanfor o_SVG22 er det tillate å etablere naudsynte støyskjermingstiltak for framtidig utbygging på Fyllingsnes, jf. reguleringsplan for Fyllingsnes, Plan-ID 1263-200807.

5.7 Parkeringsplassar, SPP

5.7.1 f_SPP1

f_SPP1 er felles parkering for eksisterande fritidsbusetnad på gnr./bnr. 214/102, 131 og 132. Det skal settast av ein parkeringsplass per eigedom.

5.7.2 SPP2

SPP2 er parkeringsplass for gnr./bnr. 214/92.

5.7.3 SPP3

SPP3 er parkeringsplass for gnr./bnr. 214/85.

5.7.4 SPP4

SPP4 er parkeringsplass knytt til nærings/bensinstasjonsområde BV. Parkeringsplassen skal ha tilkomst frå BV.

5.7.5 SPP5

SPP5 er eksisterande parkeringsplass.

§ 6 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (pbl 12-5 nr. 5)

6.1 LNFR-areal for naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunlaget på garden

For kvart areal som er sett av til LNFR skal gjeldande kommuneplan med føresegner vere gjeldande. Dette gjeld og områda med føresegnområde #1 mellombels anleggs- og riggområde unntatt i anleggsperioden. Etter anleggsperioden skal arealet først tilbake til dagens bruk.

§ 7 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl 12-5 nr. 6)

7.1 Friluftsføremål i sjø og vassdrag, V

7.1.1 Utfylling i vassdrag:

I område V2 kan det etablerast fylling under vassoverflata. Her skal det leggest til rette for reetablering av kantvegetasjon.

7.1.2. Arbeider i og ved vassdrag

Alle arbeider i og ved vassdraget skal utførast skånsamt. Ein må sikre at finstoff ikkje er til skade for fisk i vassdraget, og elles sikre at arbeid ved vassdraget ikkje medfører andre skadelege forhold for plante- og dyreliv og omkringliggende natur.

§ 8 Omsynssoner (pbl 12-6)

8.1 Sikringssone, frisikt (H140)

Alle kryss og avkøyrslar skal ha fri sikt i samsvar med handbok N100, veg- og gateutforming. Det skal til ein kvar tid vere fri sikt innanfor frisiktsona. Det kan ikkje først opp konstruksjonar eller element i frisiktsonene som hindrar fri sikt etter veglovas føresegner. Det skal vere fritt for sikthindringar høgare enn 0,5 meter over tilhøyrande vegs/avkøyrslars nivå. Så lenge krav til tryggleikssone er ivaretatt kan enkeltstående tre, stolpar og liknande stå i frisiktsonene.

8.2 Støysoner (H210 og H220)

Tilrådingar i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2016» skal overhaldast, så langt det er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte-vurderingar. For det ferdige prosjektet, skal utrekna støynivå frå vegsystemet danne utgangspunkt for desse vurderingane. Det må gjerast eigne vurderingar for støy i anleggsfasen. H210 er raud sone, og H220 er gul sone.

8.3 Faresone, høgspent (H370)

Områda H370_1-4 er høgspentsone for kraftliner i luftstrek, bandlagt etter energilova. Alt arbeid innanfor dette området må varslast BKK i forkant. BKK må godkjenne endringar på terrenghøgder innanfor faresona, og kan eventuelt krevje heving eller flytting av høgspentline.

Innanfor faresona må krav følgjast frå linjeeigar vedkjem høgde og rekkevidde på anleggsmaskinar.

Det skal ikkje etablerast bygningar innanfor sonene.

§ 9 Føresegnsområde (pbl 12-7)

9.1 Mellombels anlegg- og riggområde - #1

I riggområder kan det førast opp mellombels brakkeriggjar, mellombelse verkstads- og lagerbygningar, køyre- og parkeringsareal, tekniske anlegg og andre anlegg i tilknytning til området bruk som riggområde.

Riggområde skal sikrast, om naudsynt med inngjerding slik at området ikkje er til fare for dei som ferdast i nærområdet. Slike område skal i anleggsperioden stå fram som ryddige, og vere minst mogleg til sjenanse for omgjevnadene. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at ein delstrekning er opna, skal områda tilbakeførast eller setjast i stand i samsvar med arealformålet.

Mellombels anlegg- og riggområde kan i anleggsperioden nyttast som riggplass for mellomlagring av alle typar massar, lagring av materialar og utstyr og anleggsveggar og liknande. Landskap og vegetasjon skal ikkje rørast meir enn høgst naudsynt.

Areal til midlertidig bygge- og anleggsområde er gyldig til 10 år etter vedtak av detaljplanen / planens ikrafttredelsesdato.

Føresegnsområdet vert oppheva når anlegget er ferdig bygd. Samstundes med at føresegnsområdet vert oppheva, vil tidlegare vedtatt reguleringsplan for området eller kommuneplanens arealdel tre i kraft att.

Føresegnområde #1 kan fjernast frå plankartet administrativt av planmynde etter at anleggsperioden er over.

9.2 Fjerning av kulturminne - #2

Innanfor føresegnområde #2 ligg det registrerte fornminnet Askeladden lok 25953. Kulturminnet kan fjernast.

Før kulturminnet vert fjerna skal søknad om fjerning av kulturminnet handsamast av riksantikvaren. I brev datert 09.12.2019 har Riksantikvaren gjeve løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd, med vilkår om arkeologisk utgraving.

Før iverksetjing av rigg- og anleggsarbeid i gjeldande delområde skal det difor gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id 25953 som er merka som område for føresegn #2 i plankartet, jf. Pbl. §12-7 nr. 12.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga/utgravinga kan bli fastsett.

9.3 Bekkekulvert - #3

Innanfor føresegnområde #3 er det tillate å gjere tiltak i bekkekulvert, jf. punkt 3.6 og 3.7.

9.4 Område for gang- og sykkelveg - #4

Innanfor føresegnområde #4 er det tillate å etablere gang- og sykkelveg med tilhøyrande grøftar, skråningsutslag og skjeringar. Gang- og sykkelvegen skal tilpassast framtidig skule aust og syd for E39.